



Bykle får eigen berekraftspris

Kommunestyret i Bykle har vedteke at det skal opprettast ein berekraftpris som skal delast ut av ordføraren kvart år på 17. mai, med atterhald om at det blir funne ein verdig mottakar kvart år.



Bykle-ordfører Hans Blattmann håpar på mange gode kandidatar til Bykle kommune sin nye berekraftspris

(Foto: Ole Birger Lien)

Formålet med prisen er at utmerkinga skal fremje og anerkjenne framifrå innsats innan miljøvern, naturforvaltning, berekraft og innovasjon. Prisen skal stimulere til auka naturomsyn og nyskapande løysingar som bidreg til eit meir berekraftig lokalsamfunn. Berekraftprisen består av eit diplom, 10.000 kr. og ein kunstnarleg utforma plakett.

Mange i målgruppa

Berekraftprisen kan delast ut til einskildpersonar, verksemder, organisasjonar eller institusjonar i Bykle kommune som har gjennomført viktige miljøtiltak lokalt, utvikla nye løysingar som fremjar berekraft, bidrege til auka miljømedvit i lokalsamfunnet, vist særleg engasjement for naturvern eller har innført miljøvenlege driftsmetodar.

– Me lev i ei tid med auka fokus på berekraft. Vi må i framtida erstatte ikkje-fornybare ressursar med fornybare i alle delar av samfunnet, slik at framtidige generasjonar skal kunne leve gode liv. Vesle Noreg kan ikkje ha ansvaret for dette aleine, men alle må bidra på sin måte i denne omstillinga, også Bykle. Med denne prisen ynskjer kommunen å honorere og lyfte fram gode idear og tiltak som kan vise veg og inspirere andre til å vere med på denne store dugnaden, seier Bykle-ordfører Hans Blattman.

Innstilling til kommunestyret

Det er næringsavdelinga i Bykle kommune som går gjennom det som kjem inn av forslag på kandidatar, så er det kommunestyret som til slutt vel mellom tre kandidatar under eit ordinært kommunestyremøte. Alle fastbuande i kommunen kan nominere ein kandidat. Frist for nominasjon kvart år er 15. mars. Forslag skal vere grunngjevne og forslagsstillar skal vere namngjeven. Prisvinnaren får høve til å ha ei utstilling, og blir oppmoda om å presentere arbeid/prosjekt der, og invitere skuleklassar.

Har du spørsmål om berekraftprisen? Då kan du kontakte Vidar Mortensen i Bykle kommune på epost vidar.mortensen@bykle.kommune.no

Høyr no hiera!



Bykle kommune sin berekraftspris. Smak litt på den! I tider med grønt skifte, miljømessige utfordringar og krav om redusert for-

ureining over heile lina kan det ikkje vere tvil om at berekraft blir eit nøkkelord for korleis ein organiserer samfunnet i tiåra som kjem—i smått og stort. Er noko berekraftig, ja då ber det seg sjølv. Er det ikkje berekraftig, hogg det inn i ressursar ein helst skulle ha nytta til noko anna. I så måte er den nyoppretta prisen for berekraft i Bykle kommune både framtidsretta og rett i høve tida me er i.

Så skal og må sjølv sagt ein slik pris vere noko meir enn litt pengar på bok og ein flott plakett. Berekraftsprisen skal stimulere, inspirere og legge til rette for at fleire tenker berekraft. Det er eit mål ein bør kunne ha håp om å nå. Berekraftsprisen kan delast ut kvart år—viss ein har kandidatar som når opp. I det varierte bygdelivet i Bykle og på Hovden bør det vere nok av gode kandidatar både i næringslivet, organisasjonslivet og hjå folk flest—så her må det vere lov med ei viss optimisme.



KULTURPRISEN BYKLE KOMMUNE 2026

- Kulturprisen skal stimulere kulturlivet i kommunen og gjeve honnør for ein spesiell innsats innanfor det utvida kulturfeltet i Bykle.
- Forslaga må grunngjevast godt, skriv litt om kandidaten og kvifor dei har utmerka seg innanfor det utvida kulturfeltet!

FRIST 15. MARS

Sendast til:
postmottak@bykle.kommune.no

FOR MEIR INFO OG RETNINGSLINJER, SJÅ
BYKLE KOMMUNES NETTSIDER



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Alle kan bli med på aktivitetane, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetssglede saman med andre!

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKELETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYSDAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus
TORSdag	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
	Sterke saman instruktor: Stine G.	11:00-12:00	Festsal/kinosol, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.

Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 902 16 856
- Måndag-torsdag 8-21 - Fredag 8-16	- Måndag 10-16.30 - Torsdag 10-16.30 Meiropent bibliotek alle dagar 7-23

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: IFZBR

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Bykle kommune på Bookup.no!

Du kan no tinge buldreveggen i Hovden grendehus, og gymsalen i Bykle samfunnshus på bookup.no! I skrivande stund er det desse to romma som er tilgjengelege, men me fyller stadig på, så følg med! Adgangsbrikker må foreløpig hentast i resepsjonen på grendehuset for buldreveggen, og i resepsjonen på rådhuset for gymsalen, men me jobbar med ei enklare løysing. Om du har spørsmål kan du kontakte kultur & fritid på epost: kultur@bykle.kommune.no eller tlf: 902 16 856

På bookup.no søker du opp bykle, så kjem romma fram.



SPRÅKKAFFÉ HOVDEN/BYKLE BIBLIOTEK

Frivilligsentralen inviterer til språkkafé!

Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle – både på norsk og engelsk.

Ta kontakt med Stine Gulowsen
tlf 917 87 411 viss du vil vere med.

5. mars – vi drar ned til Valle og besøker språkkafeen der! Transport frå Hovden grendehus/Bykle samfunnshus.

19. mars – Bibliotek Hovden Grendehus
Ta kontakt med kultur@bykle.kommune.no eller tlf 90216856 hvis du har spørsmål eller vil vite meir!



Onsdag 25. Mars klokka 18.00 i Bykle samfunnshus

“Er du forberedt?”

Me får besøk av Jarle Løwe Sørensen, førsteamanuensis ved USN. Han skal snakke om eigenberedskap og korleis ein kan rigge seg for usikre tider. Det blir servert enkel kveldsmat i kaféen. Vel møtt!



Tømekalender

Restavfall: 4.3,

Matavfall: 4.3, 18.3

Papir, glass/metall, plast: 18.3

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no



**Den kulturelle spaserstokken:
Bykle sjukeheim
Onsdag 11.mars kl. 13**



**BRITT-SYNNØVE JOHANSEN
OG RASMUS SOLEM**

Eit varmt musikalsk møte du ikkje vil gå glipp av!
Britt-Synnøve Johansen og pianist Rasmus Solem er tilbake i Bykle!
Ei nær og sterk konsertstund med songar frå *Kveldsllys*
og klassiske tolkingar av Édith Piaf.
Velkomen til ein konsert full av liv, varme og musikalsk kraft!

Gratis inngang - alle hjarteleg velkomne!
Arr. Bykle kommune



Hovden grendehus måndag 9. mars

Boksirkelen møtest klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Katten" av Takashi Hiraide. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med. Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Bykle folkebibliotek onsdag 18. mars.

Velkomen til fyrste boksirkel i Bykle folkebibliotek! Boksirkelen møtest klokka 18 i biblioteket i Bykle samfunnshus. Me les boka "Vingebelastning" av Helga Flatland. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med. Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek



Fjellgardane Filmforeining syner:

**EAST OF EDEN
19. mars kl. 19:00**

På Hovden Grendehus

En Hollywood-klassiker om to brødre, en dypt religiøs far og hemmeligheter fra fortiden.
Aldersgrense: 15 år 1t 58min
Engelsk tale/norsk tekst

Billettpris - 50,-
Kontingent 2026 - 50,-



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no

**Hovden
grendehus**

2. mars

18:00 -
"Håndbok
for super-
helter"

20:00 -
"Wuther-
ing
Heights"

**Bykle
sam-
funnshus**


16. Mars

17:30 -
"Håndbok
for super-
helter"

19:30 -
sjå bygde-
kinoen.no
for kva
tittel som
kjem.



"Wuthering Heights"



Håndbok for superhelter
(Norsk tale)

Vilt påkøyrslar

er det mest av vinterstid—og jo meir snø
jo meir vilt nær vegane. Hugs det når du
set deg bak rattet! Er uhellet ute må ein
ringe politiet på 02800.


Snart 4000 fylgjer Bykle på Friskus!

Snart har 4000 menneske lasta ned og nyttar appen Friskus for å få med seg nyheitsmeldingar frå Bykle kommune. Appen er gratis å laste ned og bruke.

Med Friskus får ein alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Bykle kommune som eit PLING inn på mobiltelefonen. Sjølv saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna. Aktuelle politiske saker ligg også i appen. Når ein lastar Friskus ned må ein bare hugse på å også krysse av for at det er Bykle kommune ein vil fylgje! No er også aktivitetsskalenderen i Friskus aktiv for kommune og kulturliv i Bykle!



Bykle kommune
nyttar appen Friskus kommune.
Her får ein informasjon frå sin kommune – rett i lomma.



Folkemusikkstipend

Gjennom eit stipend ynskjer Sparebanken Norge å støtte og stimulere unge folkemusikarar og -dansarar frå Agder og Telemark fylke, til vidare utvikling og formidling av kunsten sin. Stipendet består av eit diplom og ein pengesum på 50.000 kr og vert delt ut kvart år til ein kandidat frå Agder eller Telemark. På vegne av Sparebanken Norge vert stipendet administrert av Setesdal Spelemannslag og skal delast ut i samband med «Setesdal Folkemusikkfestival». For 2026 blir stipendet delt ut på Landskappleiken på Hovden i tida 24.-28. juni. Søkjarar må vere 18-30 år, aktive utøvarar, bu i Agder/Telemark, og tiltak må innehalde ein konkret plan. Søknadsfrist 1. mai. Søknad til: post@setesdalspelemannslag.no eller i posten til Astri Rysstad, Malmvegen 17, 4755 Hovden.

PLAN 2026:

Lørdag 21. februar kl 12: Møte med Open Heart, Hallvard Hasseløy taler, servering av suppe

Lørdag 7. mars kl 13: Barnesamling

Kl 19: Møte på Klippen, team fra Filadelfia Krs.

Søndag 22. mars kl 11: Møte med Betania Åseral, Ingvild Forgard taler

Søndag 19. april kl 11: Møte fra Betania Åseral

Søndag 10. mai kl 11: Møte, Jan Christensen taler

Søndag 14. juni kl 11: Møte for alle! Grilling og aktiviteter. Team fra Filadelfia Krs.

Velkommen!

KLIPPEN BYKLE



UKM

BYKLE og VALLE

LOKALFESTIVAL

14.03

kl. 15:30

Meld deg på:

ukm.no/bykle
ukm.no/valle

Alder: 4.trinn - 20 år

Påmeldingsfrist 13.02

LØRDAG 7. mars

Kl 13: Barnesamling med andakt, sang, lek og snacks

Kl 19: Møte for alle. Etter møtet blir det sosialt og noe å bite i

Vi har besøk av et team fra Filadelfia Krs som taler og leder lovsang

Velkommen!

K L I P P E N B Y K L E



«Diakonal gang gjennom Vest-Telemark gjennom 35 år»

Skafsåheii Fjellkyrkje
Fredag 6. mars kl. 1900



Prostidiakon Eilev Erikstein kjem for å gje oss nokre tilbakeblikk av det han har opplevd.

Kaffi og noko å bite i
Kollekt til drift av Fjellkyrkja.

Velkommen!

Arr: Fjellkyrkjelaget

Hulda Garborg:

KVINNEN SOM FORMET DET MODERNE NORGE


Bli med på et fengslende dypdykk i livet
til en av våre mest betydningsfulle
strateger og kulturikoner.



19. mars, kl. 19



Hylestad soknehus



ARNHILD SKRE
Brageprisvinnende
forfatter og journalist



 **FOLKEAKADEMIET**
PRESENTERER



Pensjonistforbundet

4 ÅR MED KRIG NOE HÅP FOR FRED MELLOM RUSSLAND OG UKRAINA?

STED: Sølgarden, Rysstad

DATO: 13. mars, kl. 19

PRIS: 100 kr for medlemmer
200 kr for ikkje medlemmer
Ungdom under 25 år gratis

Arrangører:
Folkeakademiet Valle
og Valle pensjonistlag



MORTEN JENTOFT
Journalist og forfatter
Tidligere utenrikskorrespondent

Til medlemmene i Hovden Sportsklubb
20. februar-2026



Innkalling til ordinært årsmøte i Hovden Sportsklubb

Styret innkaller herved til årsmøte i Hovden Sportsklubb. Årsmøtet avholdes torsdag 26 mars 2026 klokken 1930 i lesesalen på Hovden Grendehus. Saker som et medlem ønsker behandlet på årsmøtet, må sendes styret senest 10 mars 2026 til klubbens e-post: post@hovdensportsklubb.no. Forslaget skrives nøyaktig i den ordlyd det ønskes vedtatt. Begrunnelsen for forslaget og forslag til vedtak skal fremgå. Fullstendig sakliste med alle saksdokumenter vil bli gjort tilgjengelig for medlemmene senest én uke før årsmøtet på klubbens hjemmeside:

[Årsmøte - Hovden Sportsklubb](#)

For å ha stemmerett og kunne velges til verv må man ha vært medlem av Hovden Sportsklubb i minst én måned, fylle minst 15 år i det kalenderåret årsmøtet avholdes, og ha gjort opp sine økonomiske forpliktelser til Hovden Sportsklubb. Alle medlemmer har uansett møterett, talerett og forslagsrett.

For mer informasjon om årsmøte samt regler om stemmerett, valgbarhet, forslagsrett mv., se Hovden Sportsklubbs vedtekter. Ved spørsmål som gjelder årsmøtet, kan Atle Egeland, styreleder kontaktes på telefon 95192674 eller epost:

post@hovdensportsklubb.no.

Velkommen til årsmøte!

Med vennlig hilsen

Styret

Bykle kommune med nytt næringsprogram

Bykle kommune ynskjer å vere ein fagleg medspelar for det lokale næringslivet, legge til rette for auka kompetanse og styrka rettleiing og samspele tett med både eksisterande og komande verksemdar. No er det utvikla eit nytt rettleiingsprogram, den såkalla 6-timarsmodellen.

– Dette inneber at alle gründarar og eksisterande verksemdar i kommunen får tilbod om inntil seks timar gratis førstelinerttleiing i regi av næringsavdelinga, utvida bistand etter behov og ikkje minst ei aktiv kopling mot verkemiddelapparatet, seier Vidar Mortensen i Brynje-prosjektet.

LANDSKAPPLEIKEN Hovden 24. - 28. juni 2026



Meld deg som frivillig!

Har du lyst til å vere ein del av den eldste festivalen i landet?

Vi treng deg! Frivillige er navet i festivalen! At du tek eit tak er viktig for at deltakarar, dommarar og publikum skal få ei flott oppleving på kappleiken. Ikkje minst ønskjer vi at desse opplever Hovden og Setesdal som ein triveleg og gjestfri stad.

Alle kan hjelpe til med noko!

Vi treng hjelp med både små og store oppgåver. Det kan vere matlaging, servering, rydding, vakthald, rigging av scene, følge utøvarar til og frå scena, hjelpe til med å rigge campingplassar og arenaer, lage aktivitetar for born og unge, og mykje meir.

Meld deg på for å vere med på ein sosial og morosam dugnad, der du får høve til å oppleve Landskappleiken frå innsida!

Kontaktperson for frivillige:
Liv Hilde Holm
tlf: 906 10 215
epost: frivillig2026@landskappleiken.no



www.landskappleiken.no

Bygdekaféen i Bykle

Er open kvar torsdag klokka 12-14. Der kan ein både få seg ein matbit og ei god røre.
Stad: vaksenopplæringa ved sida av Bykle rådhus.

Gratis symjing i Bykle



Familiebading kl 16:30-17:45
Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet fylgjer skuleruta 2026.



PANELSAMTALE OM MENNESKEMØTE

Prostidiakon Åse Gudrun Thortveit
intervjuar Torunn Mørenskog og
Ina Kjøstvedt, som begge har vore
ansatt i Sjømannskirka. Dette
blir ein varm samtale om
menneskemøte og historiar frå
Sjømannskyrkja i Spania og New York.

Servering av tapas og vaffler

Arrangementet er gratis –
Velkomne

**Fjellgardane kyrkje
fredag 6. mars kl.19:00**

Hovden gjenbruksbutikk

Er du nyfiken på eller ynskjer du å vere frivillig i gjenbruksbutikken? Då er du hjarteleg velkomen til frivilligkveld med nyttig informasjon **måndag 2. mars kl 16:00 i Fjellgardane Kyrkje**. Det blir enkel matservering, sosialt og viktig informasjon for deg som er frivillig, og deg som ynskjer å bli.

Årsmøte Bykle Folkeakademi

Tysdag 10.03.2026 Kl.18.00

på Hovden Fjellstoge.

Servering! Alle medlemmer velkomne!

Saker skal meldast til:

Randi Steinsholt, r.steinsholt@gmail.com



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Onsdag 4.3 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Fredag 6.3 klokka 19

Panelsamtale om menneskemøte frå Sjømannskyrkja

Fjellgardane kyrkje

Sundag 8.3

Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren klokka 16

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje klokka 17

Onsdag 11.3/torsdag 12.3 klokka 19

Misjonssambandet—møte med Åge Solsvik

Kyrkjekjeddaren

Fredag 13.3, laurdag 14.3, sundag 15.3 klokka 19

Misjonssambandet—møte med Torbjørn Bjorvatn

Kyrkjekjeddaren

Tysdag 17.3 klokka 18

Bøn for verda, Bykle kyrkje

Onsdag 18.3 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Onsdag 18.3 klokka 19

KTU-foredrag med Tor Håkon Eiken, Kyrkjekjeddaren

Sundag 22.3 klokka 11

Gudsteneste Bykle kyrkje

Sundag 22.3 klokka 16

Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren

Onsdag 1.4 klokka 15

Open kyrkje, Fjellgardane kyrkje

Onsdag 1.4 klokka 19

Salmar i den stille veke, Fjellgardane kyrkje

Torsdag 2.4 klokka 19

Gudsteneste, Bykle kyrkje

Fredag 3.4 klokka 11

Pasjonsgudsteneste, Hylestad kyrkje

Sundag 5.4 klokka 09

Høgtidsgudsteneste, Bykle kyrkje

Foredrag ved

Tor Håkon Eiken

**Å VERE EI SUNN
FOLKEKYRKJE!**

- Korleis bør folkekyrkja møte kristen nasjonalisme og bokstavtru fundamentalisme?

- Kan betre kjennskap til dei heilage tekstene gjere oss til ei tryggare og meir frimodig folkekyrkje?

- Lærer kyrkjarahistoria oss noko om kva som er "ekte" kristendom?

Onsdag 18. mars kl 19-21 i Kyrkjekjellaren i Bykle

Enkel servering.

Helsing KTU-komiteen / soknerådet i Bykle



**Kultur, tru og
undring**

BYKLE KYRKJE

Agder fylkeskommune

har ei tilskotsordning for verksemdar som sysselset ungdom i sommarjobb! Les meir om ordninga på heimesida til Bykle kommune.



**Me kallar inn til årsmøte på banen i Bykle
onsdag 4/3 kl. 1800 (Merk tida).**

Det vert:

- Handsaming av årsmelding.
- Handsaming av revidera rekneskap.
- Handsaming av innkomne sakar, med freist 25.2.
- Kontingent.
- Val av styre, revisor og utsendingar til Idrettsrådet.

Ånund Nomeland

Leiar.

Søndagsmøte på Klippen

22.mars kl 11

Ingvild Foss Forgard taler

Lovsang

Kaffe og god prat

Velkommen!

K L I P P E N B Y K L E

